

Bergen Rotary Klubb sin tur til Gdansk 14. - 18.04.2016.

Tekst: Håkon Grønstøl - Foto: Vibecke og Fredrik Mehn-Andersen.

At disse turane som klubben vår har lagt opp til annakvart år, er populære, er det ikkje tvil om. Nok ein gong var det Fredrik og Vibecke Mehn-Andersen som hadde hovedansvaret med hjelp av Alf Erik Kvaal.

41 personar var på plass på Flesland i god tid før flyavgang til Gdansk, også denne gongen over København.

På flyplassen stod bussen klar for å ta oss dei siste mila inn til Hotel Gdansk. Hotellet låg sentralt til, og her hadde det budd kjende personar før me sjekka inn, mellom andre Beatles.

Gdansk er i dag rekna som ein av Europas vakraste middelalderbyar. Dette til tross for at mesteparten av den historiske gamlebyen vart gjenoppbygd etter 2. verdenskrigen.

Byen har opp gjennom historien tidvis blitt styrt av Tyskland, og hadde før krigen eit stort innslag av tyskerar.

Hitler gjorde i 1939 krav på ein korridor gjennom byen. Dette vart avvist og vart grunnen til åtaket på Polen. Den 2. verdenskrigen var i gang. Under krigen var det brutale represaliar mot byborgerane, og ein stor del av polakkane vart enten arrestert, fordrevne eller myrda.

Mot slutten av krigen vart byen innteken av sovjetiske styrkar som plyndra og sette byen i brann. I samband med dette vart 90 % av sentrum jevna med jorda og av dei 12 600 bygningane i byen, vart 60 % fullstendig ødelagt, og rundt 100 000 innbyggjarar omkom.

Mest heile gamlebyen er gjenoppbygd og framstår i dag langt på veg slik den gjorde før krigen.

Ettermiddagen fekk me til eigen disposisjon, og mange nytta høve til å sjå nærare på det byen kunne by på.

Byen er kjent for kyrkjene sine. Dei er for det meste bygd i gotisk stil, og Mariekyrkja er den største mursteinskyrkja i verda.

Me hadde middag 1. kvelden på ein typisk polsk restaurant der me også hadde invitert



medlemmer frå den lokale rotaryklubben, "Rotary Klub Gdansk." Det vekte nok litt oppsikt at me hadde kvinneleg president, Turid Hagelsteen. I denne klubben var det berre menn, og kvinnelege innslag låg nok eit stykke framme.

Me hadde ein svært hyggeleg kveld saman med våre nye polske vener. Neste dag var det Europeiske Solidaritetssenteret målet for vårt fyrste besøk. Dette er eit nyopna museum som fortel om Solidaritet si historie og Lech Walesa sin livshistorie.


Museet ligg i utkanten av den berømte Leninverftet. Det er utvendig dekkja av rustne stålplater frå verftet og liknar eit gammalt, rusta skip.

Inne i senteret gjekk me gjennom fleire utstillingar som fortel om Polen sin vei mot frihet.

Ein gjennomgangsfigur i utstillingane er sjølvsgat Walesa som av den norske nobelkomiteen fekk fredsprisen i 1983. Han var også president i Polen frå 1990 - 95. Då me besøkte museet, hadde framleis Lech Walesa kontor her og var i fullt arbeid, 72 år gammal.

Det me opplevde her, vart ein nyttig repetisjon av Soldaritet sin kamp mot det kommunistiske overherredøme .

Hendingane i Polen, var begynnelsen på slutten for det kommunistiske systemet i Aust-Europa.



Etter dei sterke inntrykka me hadde med oss frå solidaritesmuseet, gjorde det godt å setja seg ned i Oliwa kyrkja og lytta til ein flott orgelkonsert. Lunsjen denne dagen vart servert i ein restaurant liggjande ved elva Motlawa. Resauranten er kjend for sitt kjøken der det vert servet både polske og internasjonale rettar. Ettermiddagen stod til eigen disposisjon for oss.

I konserthuset, ikkje langt frå hotellet vårt, heldt Baltic Philharmonic Orkester til. Denne kvelden var sett av til konsert med dei. Vi vart yngst velkomne med cava før me gjekk inn i konsertsalen. Her lytta vi til ein konsert med det berømte orkesteret og solisten Maxdim Vengerov.

Ein god middag venta oss i restauranten etter konserten. Dette var det slutten på det offisielle programmet for dagen.

Etter ein god frukost på hotellet stod Malbork slott på planen.

Turen dit førde oss gjennom fruktbart jordbruksland, og me kunne sjå at det var lettare å byggja mortorvegar her enn hos oss.

"Den tyske ordens slott i Malbork" er verdens største mursteinsslott og eit av verdas største arkitekturkompleks. I 1997 kom det inn på UNESCO si verdsarvliste.

Slottet vart bygd i 1280 åra og vart kalla "Marias borg."

I 1772 vart slottet sterkt skada av preøysiske troppar. Gjenoppbygginga starta i 1817 og heldt fram kontinuerleg til 1945 då slottet på nytt vart øydelagt, denne gongen av russiske soldatar.

Etter krigen starta gjenoppbygginga, og den har halde fram til dags dato. Store delar av dette arbeidet er kosta av norske EU midlar.

Lunsj denne dagen fekk me servert i restauranten som låg inne i borga.

Me visste at me skulle ete middag på restauranten "Gedansk Bowke" Dette var også det einaste mange av oss visste. At dette var ein av dei beste restauranten i byen, var det ikkje mange som visste.

Byen ligg ved elva Motlawas utløp til Wisla ved Gdanskbukta, Dei dagane me hadde vore her, hadde me sett mykje av byen frå land. No skulle me ut på elva, på cruise, med ein flott galleon. Me reiset ut frå Westerplatte. Det var her stridighetene starta under krigen. Det var her slagskipet SMS "Schleswig-Holstein" opna eld mot den polske enklaven og innleia slaget om Westerplatte som polske soldatar klarte å forsvara i nesten 7 dagar.

Etter krigen vart samtlege tyske gate- og stadnamn endra med eitt unntak: Westerplatte.

Byen var like imponerende å sjå frå sjøsida som frå landsida.

Av guiden me hadde me oss, fekk me høyra om Gdansk si historie og fekk fortjingar om dei historiske bygningane me såg. Me fekk sett havna og skipsvefta langs elva. Leningverftet der det i si tid hadde arbeid 17 000 personar, tok seg imponerende ut. No var det kun ca 1000 arbeiderar att på verftet.

Skipstypen "Galleon" var den som dominerte på hava i det 16. og 17. århundre, ja, langt inn på 18. hundretalet både som handels- og krigsskip.

Mange nytta ettermiddagen til å sjå seg rundt i byen på eiga hand eller oppsøkja dei triveleg, små restauranten ein fann inne i bakgatene.

Denne siste kvelden i Gdansk skulle me ha middagen vår på den berømte restauranten "Pod Lososiem» Det er denne restauranten som i tidlegare tider laga ein spesiell likør " Goldwasser" og oppskrifta vart vakta av eigerane. Den består m.a. av vodka og 22 carat gull. Tsarinne Catarina II drakk Goldwasser dagleg. Det er ukjent om pave John Paul II fekk det servert då han vitja restauranten.

Det var hit Lech Walesa tok med sine gjester. George Buch hadde vore her. Det same hadde Angela Merkel og Margret Thatcher.

Maten stod så absolutt i stil.

Neste dag var det tid for avreise, men på vegen til flyplassen la me inn ein tur til Sopot og Gdyna.

Dei tre byane dannar til saman storbyområdet "Trippelbyen"

Me brukte mest tid i Sopot. Dette er ein kjend badeby og er kjent for sine mange

spa- og turistanlegg. Den mest kjende bygningen i byen er det kjempestore Hotel Grand.



Byen har også Europas lengste trebrygge (molo) og ytterst ute her ligg restaurant " Meridian" Det var her vi hadde vår siste, velsmakande lunsj i Polen - for denne gang.

Før bussen tok oss attende til flyplassen i Gdansk, vart det høve til ein liten handletur for nokre, medan andre fann seg ein restaurant..

Me landa i Bergen med siste flyet frå København denne kvelden. Då me takka komiteen for den flott turen, lurde nok mange på: Kva by vert det om 2 år ?